



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2882 - 22/35978

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
10.05.2022

## Uttale om moglege avløpsløyser som kan godkjennast - gbnr 315/2 Hopland

**Tiltak:** utsleppsløyve  
**Byggjestad:** Gbnr: 315/2  
**Tiltakshavar:** Svein Rune Nedreås  
**Ansvarleg sækjar:** Hjelmås Vvs AS

Vi viser til din førespurnad per telefon om moglege avløpsløyser som kan godkjennast i samband med bygging av driftsbygning på gbnr. 315/2 Hopland.

I telefonsamtalen vart det opplyst at driftsbygningen skal ha eitt toalett. Alt anna vatn frå driftsbygningen vert sleppt ut i møttingen som uansett må tilsettast vatn før spreining av møk. Det vart også opplyst at bekken som avløpsvatn frå minireinseanlegget skal sleppast ut i har svært liten vassføring.

Vi har vurdert saka og det er andre løysingar som kan godkjennast i dette tilfellet.

### 1. Tilkopling til eksisterande slamavskiljar

Svartvatn frå toalett kan koplast til eksisterande slamavskiljar dersom dette er teknisk mogleg.

### 2. Tett tank

Bruk av tett tank kan godkjennast på følgande vilkår:

- Det må nyttast tilstrekkeleg dimensjonert og typegodkjent tett slamtank
- Tanken må ha nivåvarsling
- Det må nyttast vassparande toalett
- Kun svartvatn frå toalettet kan gå i tanken.
- Det må opprettast tømmeavtale med godkjent føretak.
- Avløpsanlegget må installerast av kvalifisert føretak

- Tanken må plasserast slik at avstand til mogelegheit for parkering av tømmebil ikkje overstig 100 meter og botnen av anlegget må ikkje leggast lågare enn at løftehøgda til tømmebil overstig 8 meter.

Det er søkt om utsleppsløyve via minireinseanlegg. Denne løysinga kan godkjennast slik den er sendt inn til kommunen. Dersom du ønsker å vurdere andre løysingar må vi få melding om dette. Handsaming av søknaden kan då settast på vent.

Ved ein eventuell ny søknad, vil saksbehandlingsfristen være 6 veker frå dato for komplett søknad.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2882

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*